

**Sakshandsamar:**

Monica Åsnes

E-post: monica.asnes@sfj.no

Tlf: 57 65 62 44

Vår ref.

Sak nr.: 11/492-3

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

17041/12

Dykkar ref.Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Dato

Leikanger, 09.05.2012

Svar - Høyring - diverse endringar i lov av 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy

Vi sender her ei uttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vi ser positivt på at det er forslag om å gje skatte- og avgiftsstyresmaktene høve til å fastsette opplysningar som kan overleverast til løyvestyresmakta. Likeeins er det positivt at det er forslag om å opna opp for meir fleksibilitet ved utekontroll av yrkestransportregelverket.

Å innføre løyvefritak for frivilligheitsentralar er vi meir skeptiske til. Dette vil undergrave innteninga til drosjenæringa, spesielt i distriktet.

Distriktsdrosja har like mange krav til investering i diverse utstyr som drosjer i sentrale strok. Vi kan nemne taksameter, justervesenet, kortterminal, forsikring, telefoni, garanti. Innteninga i distriktet er ofte avhengig av at næringa får all køyring som er tilgjenge for å oppretthalde løyve.

Vi ser i dag at det er mange kommunar som investerer i eigne bilar, Dette for å transportere t.d. dagpasientar til og frå dagsenter eller liknande. Sjøføren er ofte tilsett som vaktmester i kommunen. Dette rimar lite med kravet om trafikksikkerheit. Drosjeinnehavaren er pliktig til å følge regelverket som gjeld persontransport. Dei har bl.a.HMS krav til bedrifta. Alle krav som vert stilt til løyvehavar vil vi tru gjer til at trafikksikkerheita vert teken vare på.


Det er viktig at all «offentleg» transport vert utført med gyldig transportør. Dette for å sikre best mogleg trygg transport for alle. Det er og eit ynskje at drosje skal vere tilgjenge i alle kommunar. Det er då viktig at dei får dei oppdraga som finns i kommunen.

Det vert stilt spørsmål om det skal krevjast køyresetel av dei frivillige sjåførane.

I vanleg løyvepliktig persontransport er det krav om køyresetel. Aldersgrensa for å få køyresetel er utvida til 75 år. Etter fylte 75 år kan ein ikkje drive med persontransport. Det er urovekkjande at kravet om køyresetel vert diskutert. Dersom kravet om køyresetel vert teken vekk vil frivillige i alle aldrar kunne køyre persontransport.

Vi har i dag stort fokus på trafikksikkerheit, og eit krav om at alle som driv med persontransport skal vere skikka som sjåfør. Forslaget om fritak frå kravet om køyresetel vil forringe dette.

Med helsing



Ole Ingar Hæreid
nestleiar



Monica Åsnes
førstekonsulent

